

Barnehagebarna fekk sjå nise**10.02.2010**

Å klappa på nisa var ei spesiell oppleving. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Barna i den kommunale barnehagen har hatt ei heilt spesiell oppleving i dag: Dei fekk sjå og klappa på ei død nise på Sandakaien. Johnny Hansen, som jobbar på oppdrettsanlegget, hadde funne ho drivande mellom Ånuglo og Skorpo og tok ho med heim til Uskedalen.

Ho var skada på finnane og mykje tyder på at ho hadde vore innom eit garn.



Nisa som møtte sin skjebne i Hardangerfjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Johnny fortel til uskedalen.no at det har vore svært mange niser å sjå i fjorden i det siste. Det har klårt samanheng med store forekomstar av sild og brisling.

Opplevinga av ei nise var midt i blinken for barnehagebarna, også fordi dei i barnehagen jobbar mykje med eit prosjekt som er kalla "fiskesprell".



Barnehagen og nisa på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men det er viktig å poengtera at nise er ein kval, den minste av tannkvalane. Normalt er ei nise mellom 1,4 meter og 1,7 meter lang og denne var rundt rekna 1,5 meter. Lenger enn 2 meter blir ho vanlegvis ikkje.

Nisa er freda i Noreg og er å finna over store delar av kloden – faktisk så langt sør som til Senegal. Ho er eit flokkdyr og opptrer vanlegvis i flokker på 8, men det hender at ein kan sjå flokker med opptil 25 individ. Andre interessante opplysningar er at nisa kan bli rundt rekna 25 år og at ho har 50 tenner.

Av Ola Matti Mathisen